

Ledig spesialpedagog /vernepleiar

50-70% stilling ledig for skuleåret 2020-21, med moglegheit for forlenging og omgjering til fast stilling. (Stillingsprosent kan tilpassast, og også truleg aukast.)

Har du lyst til å jobbe saman med engasjerte lærarar på ein oversiktleg skule, med god atmosfære og fokus på elevane sin trivsel og læring?

Midsund Montessoriskule er ein skule for elevar frå 1.-7.klassetrinn, som starta opp i 2009. Vi har eit flott skulebygg og uteområde. Styret har sett eit tak på 50 elevar, for vi ønsker å vere ein ganske liten skule. (Vi er godkjent for 60 elevar). Elevtalet har dei siste åra ligge mellom 30 og 40 elevar. Skulen har god dekking av engasjerte lærarar og assistentar med montessorikompetanse. Vi ønsker ein positiv og engasjert lærar / spesialpedagog som er motivert for å jobbe i eit montessorimiljø, og vil vere med på vidareutvikling av den flotte skulen vår!



Ønska kvalifikasjonar:

- Spesialpedagogisk kompetanse
- Vernepleiekompetanse

Personlege eigenskapar:

- Engasjert, samarbeidsvillig, nysgjerrig på læring, og villig til å forske saman med elevane.
- Skape gode relasjonar med elevar og tilsette.
- Sette montessoriprinsippa i fokus, og vere fleksibel og samarbeidsvillig til å jobbe med vidare utvikling av skulen.

Blant oppgåvene i jobben:

- Undervise 1:1 eller små grupper med elevar
- Samtalar og undervisning om sosial kompetanse og relasjonsbygging / livsmeistring
- Miljøarbeid
- Andre oppgåver etter avtale.

For å få fast stilling bør du ha tilleggsutdanning i montessoripedagogikk.

Lønn etter avtale og i samsvar med tariff.

Ved tilsetting må ein vise gyldig politiattest.

Midsund er eit lite øysamfunn som i januar 2020 blei ein del av Molde kommune. Her bur ca. 2000 innbyggjarar. Er du glad i fjell og sjø, så er dette plassen for deg. Her er du omgitt av vakker natur, og gode moglegheiter for friluftsliv og ulike idrettar! Vi har også ein aktiv kulturskule. Du kan sjå meir om skulen og kommunen på facebook og våre nettsider. Du kan sjå <https://portalmidsund.no/> for meir info om vårt vakre øysamfunn på Romsdalskysten.

Søknadsfrist 27.07.2020. Før opp minst 2 referansar!

Søknaden sendast til: post@midsundmontessori.no

For meir info. :Ta kontakt!

Midsund Montessoriskule: 712 79 965

Rektor; Lillian Blø Rakvåg: 911 90 197

Mail: post@midsundmontessori.no

